



Notat

Dato: 24.08.2017
Arkivsak: 2017/938-15
Saksbehandlar: rolrose

Til:	Utval for miljø og samferdsel, Fylkesutvalet, Fylkestinget
Frå:	Fylkesrådmannen

Skuleskyss i vidaregåande skule - verbalforslag frå budsjetthandsaminga for 2017

I samband med budsjetthandsaminga for 2017 vart fylgjande verbalforslag vedteke:

«Hordaland fylkeskommune ynskjer å tenkja heilskapleg om tilbodet til elevane i den offentlege vidaregåande skulen mellom anna ved å prioritera utvikling av gode og tidseffektive kollektiv/transportløyisingar mellom heim og skulestad. Fleirtalspartia vil be om at ein går gjennom reiseruter og reisetid på skuleruter/pendlarruter som kan gje betre løysingar «ekspresruter» enn det som er tilfelle i dag. Ein vil mellom anna peika på reisa mellom Arna terminal og Osterøy vidaregåande skule for elevar frå Vaksdal, Samnanger og Bergen.»

Fylkesrådmannen kan opplysa fylgjande:

Skyss har ansvar for at behovet for skuleskyss vert i vareteke, med grunnlag i gjeldande regelverk. Det er eit mål å tilby elevane eit formålstenleg tilbod innanfor dei rammer og reglar som gjeld. Om lag 20.000 elevar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen i fylket har lovfesta rett på fri skuleskyss. I Hordaland nyttar elevar i vidaregåande skule som hovudregel 30-dagars ungdomsbillett til skuleskyssen. I tillegg nyttar ein betydeleg del andre skuleelevar, som ikkje har rett på fri skuleskyss, kollektivtransport til/frå skulen for eiga rekning. Det samla talet på elevar som reiser kollektivt til/frå skulen finst det dermed ikkje konkrete tal på. Skuleskyss er i stor grad dimensjonerande for kollektivtilbodet og bussmateriellet i mange område i fylket, og set såleis avgrensingar på resten av kollektivtilbodet.

Skuleskyss er kostnadskrevjande, og det er knytt store utfordringar til kostnadsveksten på området. Skulestruktur, skuleruter og start- og sluttider ved dei ulike skulane er tilhøve som spelar inn på behovet for og utforminga av skuleskyssen. I tillegg er det eit mål å få gjennomført skuleskyssen på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte, for å sikre rett bruk av offentlege midlar. Mellom anna er det ønskeleg at skuleskyssen er samordna med det ordinære kollektivtilbodet der dette er mogleg, for å sikre eit tilbod for flest mogleg reisande.

Når det gjeld ventetid i samband med reise til og frå vidaregåande skule, seier Hordaland fylkeskommune si handbok om skuleskyss for vidaregåande skular følgjande (utdrag):

10.4 Akseptabel ventetid

Skuleskyssreglementet:

For å kunne organisere ein skuleskyss som er rasjonell og økonomisk forsvarleg må elevar rekne med noko ventetid. Akseptabel ventetid blir i utgangspunktet rekna for å vere ein time venting både formiddag og ettermiddag kvar dag heile veka.

I skuleskyssreglementet blir det også slått fast at «lang reisetid og lang reiseavstand gir ikkje rett til særskilt skyss.»

I planlegging av all kollektivtrafikk, inkludert skuleskyssen, er det eit mål for Skyss å planleggje mest mogleg effektive reiser. Mål om rettast mogleg linjeføring, utan omvegar, ligg til grunn som prinsipp for utforminga av kollektivtilbodet. Samtidig må desse omsyna balanserast mot kvaliteten på det samla kollektivtilbodet. Dersom Skyss skal tilby ekspressavgangar på ei strekning, som berre dekkar eit utval haldeplassar, vil det likevel vere behov for supplerande avgangar som dekkar dei øvrige haldeplassane, for å sikre eit tilbod til reisande langs heile strekninga. Ekspressavgangar kjem altså «i tillegg til» dei ordinære avgangane, og er eit ressurskrevjande tiltak. Det er derfor viktig at kollektivmidlane blir prioritert på ein slik måte at ekspressavgangar blir sett inn på strekningar der mange reisande kan dra nytte av desse.

For å styrke kollektivtilbodet ein stad, er Skyss anten avhengig av auka økonomiske løyvingar eller omprioritering av eksisterande midlar, som oftast gjennom å justere ned tilbodet ein anna stad.

Særskilt om reisa for skuleelevar mellom Arna terminal og Osterøy VGS

Det har blitt stilt særskilt spørsmål om kva Skyss kan gjere for å effektivisere reisa og korte ventetida på reisa mellom Arna terminal og Osterøy vidaregåande skule for elevar frå Vaksdal, Samnanger og Bergen. Historisk har Osterøy vidaregåande skule hatt om lag 10-15 elevar frå Arna, Vaksdal og Dale og om lag 5 elevar frå Samnanger.

Frå skulestart i august 2017 har Skyss sett inn ein ny avgang som skal køyre «ekspress» frå Arna terminal til Osterøy vidaregåande skule, for skulestart om morgonen. Den nye ekspressavgangen vil redusere den totale reisetida for elevane, inkludert ventetid ved bytte og ved ankomsttid før skulestart.